



Harald Schrøder Friis
LANDMARKSVEGEN 64
5440 Mosterhamn

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3708 - 22/26556

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
05.04.2022

Svar på spørsmål og kostnad og gebyr knytt til søknad om endring - gbnr 89/21 Haugsmyr

Alver kommune viser til dykkar skriv mottatt 17.02.2022 med spørsmål knytt til kostnader og gebyr for søknad om endring av tiltak. De skriv:

«I godkjent hyttesøknad er det vedlagt innteikna hytte med tomtegrenser tatt ut frå matrikkelen. Det er Anko AS som har målt inn hytta. Her viser det blant anna at hytta skal stå 13,9 meter frå nordleg tomtegrense.

Medan gravearbeidet pågjekk, kom grunneigar på gbr/bnr 89/6 og fann to grensemerker i stein ved nordleg grense. Sjå stipla linje på nytt kart vedlagt.

Ved ny måling av koordinater for hytta, såg ein at hytta no ligg veldig nærme grensemerka som grunneigar på 89/6 fann, denne er 10 meter i frå grensa i matrikkelen.

Mykje av grunnarbeidet er alt gjort. For å unngå og måtte grave og skyte meir med dei tilleggskostnadene det vil medføre har me enno ein gong fått målt inn nye koordinater for hytta, slik at ferdig planert område kan brukast. Plasseringa er no 9,36 meter frå grense i stein, og 19,36 meter frå nordleg grense i forhold til matrikkelen. Dette har medført mykje ekstra tid og arbeid.

Anko AS, som har målt inn ny plassering, fortalte at utifrå deira erfaring kan det ha oppstått feil når kommunar digitaliserte grenser.

Me ønskjer at kommunen kan gje eit svar på kva grense som er korrekt. Dersom kommunen har feil i sine grenser, ber me om å sleppe og betale for ny søknad, samt at ekstrautgiftene me no har hatt vert dekkja.»

Matrikkelen er Noreg sitt offisielle eigeomsregister, og inneheld informasjon om eigeomsgrenser, areal, bygningar, adresser m.m. Kor nøyaktig grensene er vist i matrikkelen vil kunne variera avhengig av korleis og når informasjon om grensa har oppstått. Nyare grenser (etter ca. 1980) er som hovudregel innmålt og koordinatfesta med god nøyaktigheit.

Slike grenser er vanlegvis merka i marka med grensemerker i aluminium. Eldre grenser er som hovudregel ikkje innmålt og koordinatfesta og kan ha svært varierende nøyaktigheit. I marka er grensene gjerne merka med kross i fjell, merkestein, kamstål m.m.

I nyare tid har oppmålingane frå skylddelingsforretningane blitt overført til matrikkelen, utan at det har blitt gjennomført ny måling av grensene. Det kan derfor vera stor variasjon i kor nøyaktig grensene er vist i matrikkelen. Ved kjøp av skylddelte eigedomar kan det derfor vera lurt å gå ut i marka og sjekka grensemerker opp mot skylddelinga og matrikkel. Dersom grensemerkene i marka ikkje stemmer med kartet er det som utgangspunkt grensene i marka som gjeld.

I dykkar tilfelle har ein oppdaga eit større avvik mellom faktiske grenser i marka og den registrerte eigedomen i matrikkelen. I slike tilfelle bør grenselinjene klarleggjast. Det er grunneigar som må søkja om slik klarlegging av grenser og ta kostnaden med arbeidet. Kommunen kan setja vilkår om klarlegging av grenser før det vert gjeve byggjeløype.

Kommunen kan som følgje av dette, ikkje sjå at vi kan lastast for at det ikkje er samsvar mellom faktiske grenser i marka og matrikkel. Vi vil fakturera saksbehandlingsgebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

Kommunen har ikkje vurdert dykkar skriv som ein klage, men prøvd å svara på dykkar spørsmål/orientera om regelverket knytt til aktuell problemstilling. Dersom de ikkje er einig i utfakturert gebyr kan de senda inn klage/søknad om redusert gebyr innan 3 veker etter at faktura er mottatt. Dersom de meiner at kommunen har erstatningsplikt må de senda inn eige grunngitt og dokumentert krav.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Harald Schrøder Friis
Torunn Keilegavlen Friis

LANDMARKSVEGEN 64
Landmarksvegen 64

5440
5440

Mosterhamn
MOSTERHAMN